




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Borgund vidaregåande skole

Årsmelding skoleåret 2023-24



# Innholdsliste

<b>1. Rektor har ordet</b>	<b>2</b>
<b>2. Nøkkelopplysningar om skolen</b>	<b>5</b>
2.1 Organisasjonen	5
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	7
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	8
<b>3. Læringsmiljø</b>	<b>10</b>
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	10
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	12
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	13
<b>4. Skoleårsresultat</b>	<b>15</b>
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	15
4.2 Karaktersnitt	18
4.3 Fråvær	19
4.4 Elevar som har slutta	20
4.5 Overgangar	21
<b>5. Leiing og profesjonsutvikling</b>	<b>22</b>

# 1. Rektor har ordet

**Borgund vgs er ein rein yrkesfagskule**, og ligg på Fremmerholen i Spjelkavik, om lag ei mil aust for Ålesund sentrum. Skulen rekrutterer i hovudsak elevar frå nordre Sunnmøre, men på grunn av mangfaldet i programområda har vi elevar frå heile fylket. I vanleg vidaregåande har skulen 62 klasser med plass til 1018 elevar. Det vert undervist innanfor 38 programområde (dvs ulike læreplanar).

Skulen har også mange elevar som treng meir tilrettelagt undervisning og som har heilt individuelle læreplanar. Desse er organiserte i to eigne avdelingar, og skuleåret 23-24 var det til saman 51 elevar på ATO eller YO.

Skulen har også vaksenopplæring gjennom BORK -karriere og kompetanse. Det vart handsama 145 søknadar om vaksenrett, 59 fekk innvilga retten. 20 vaksne vart realkompetansevurdert i eitt eller fleire fag. Det vart gjennomført 22 ulike kurs/ klasser med til saman 169 deltakarar. Flest innan programfag innanfor Helse- og oppvekstfag, men også ulike fellesfag på VG1 eller VG2 – nivå.

Borgund vgs har ansvaret for skuletilbodet for innsette ved Ålesund Fengsel. Dei kan få undervisning i enkeltfag på vidaregåande nivå. Totalt 27 elevar fekk opplæring i 2023-24.

UPA-skolen ved ungdomspsykiatrisk avdeling ligg også under Borgund vgs. Skuleåret 23-24 var det 46 elevar som fekk skuletilbod medan dei var pasientar ved UPA; 31 jenter, 25 frå grunnskule og 6 frå vgs. 15 gutar, 12 frå grunnskule og 3 frå vgs. Vi hadde samarbeid med skolane til dei elevane/føresette som gav løyve til det.

Skulen er ein av dei største som privatistkule med nærmare 300 – 500 privatistar kvart år. Største andelen er skriftleg, men vi er og ein del tverrfaglege eksamenar sidan vi har mange ulike yrkesfaglege utdanningsprogram. Nokre av de er vi den einaste i Møre og Romsdal som tilbyr. I tillegg til det så har vi sjølv sagt også munnleg og munnleg praktisk i fellesfaga.

Mange privatistar har i tillegg behov for rettleiing kring sine eksamenar, og andelen som trengjer meir omfattande rettleiing har auka.

I tillegg hadde vi dette skuleåret ei klasse for ungdom som hadde flykta frå krigen i Ukraina, men som ikkje hadde søkt om vanleg skuleplass innan fristen. Det begynte med 10 i denne klassa.

Det er ei utvikling ikkje berre på landsbasis men og på vår skule at elevundersøkinga viser det at talet på elevar som opplever å verte mobba er for høgt. Skulen har arbeid dette skuleåret med å gjere elevane i større grad oppmerksom på ta vare på kvarandre og skule- læringsmiljøet. Det vert til både gjennom å vere merksam i kvardagen men og å gjere ungdommen rusta for livet og det å meistre liva sine.

Skulen vart i 2023 verkeleg anerkjent for sitt lange og kvalitative arbeid med internasjonale aktivitetar. Den tyske Ambassadør Detlef Wächter tildelte Borgund vgs, Willy Brandt- stiftelsens årlege tildeling for 2023. Denne utmerkelsen delte vi med det tyske handelskammeret i Münster. Våren 2024 var vi også så heldige å få gjenbesøk av den tyske Ambassadøren til skulen. Elevar i internasjonale aktivitetar kunne på nytt aktiverast denne vårenog sendast på arbeidspraksis ut i Europa.


Elers har det vore mange aktivitetar på alle avdelingar skulen og i omgivelsane eit tett samarbeid med næringslivet i lokalområdet. T.d. Sikkerheitsveke, bransjedagar, fagdagar. Vi avslutta skuleåret med formell avslutning for alle avgangsklassene med samling avdelingsvis i auditorium Borgund. Mange ungdommar stilte i sine finaste drakter og dressar og dei heile vart ei flott markering av fullført utdanning!

Roger A. Fylling  
Rektor

# Skolen sin Handlingsplan

Tek utgangspunkt i både Oppdragsavtalen og det som skulen sine organ opplever som viktig ut frå sine ståstadar:

Rev 06.07.23




## 2. Nøkkelopplysningar om skolen

### 2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	160,46
Tal på årsverk i leiarstillingar	13,50
Tal på årsverk andre tilsette	13,05

### Leiargruppa


Borgund vgs har ei stor leiargruppe, med 14 avdelingsleiarar og i tillegg rektor og ass. rektor. I leiargruppa sit det 6 menn og 10 kvinner. 33% av leiarane er over 60 år.





## Pedagogisk personale

Det er i alt 201 personar som var tilsett i pedagogiske stillingar skuleåret 23-24. Av desse var 116 kvinner (57,71%) og 85 menn (42,29%). Alderssamansetjinga i det pedagogiske personalet er illustrert i tabellen under, og viser at det framleis er ei stor gruppe som nærmar seg pensjonsalderen om få år.



## Andre tilsette

Borgund vgs hadde til saman 234 tilsette. Av desse er 60,68% kvinner og 42,29 % menn. Fordelinga mellom kvinner og menn held seg stabil, sjølv om det vart gjort omlag 20 nyttilsetjingar gjennom skuleåret. Det er stor breidde og djupne i kompetansen på skulen. Vi har tilsette frå 13 land, både innanfor det pedagogiske personalet og i driftspersonalet. Dette meiner vi er ein stor styrke for skulen.

Driftspersonalet består av desse faggruppene:

**Reinhald** - skolen har reinhaldarar organisert frå BYE. Samarbeidet mellom skulen og teknisk drift blir regulert gjennom SLA (Service Level Agreement)

**Kantine** - skolen driftar eiga kantine med tre kantinemedarbeidarar og ein fagleiar.

**Merkantil avdeling** blir drifta av ein leiar, 5 konsulentar og ein sekretær.

**Bibliotek** – er organisert under elevtenesta. Skulen har ein spesialbibliotekar i 100% stilling.

**Tilsynsvakt** – Skulen har ansvar for utleige og drift av Borgundhallen og har tilsett tilsynsvakt for kveldsaktivitetar i hallen.

**Miljøveileder** – Skulen har ein miljøveileder organisert frå Elevtjenesten

**IKT** – IT- personalet på Borgund er organisert i Team brukaroppleving, som er eit av fleire team i IT seksjonen. Dei vert leia av leiar for dette teamet. Personalet deltek i vaktordningar for teamet og gir brukarstøtte til mange andre skoler.

**Teknisk drift** – har ein fagleg leiar og 2 driftsteknikarar som for det meste har arbeidet sitt på skulen. Teknisk drifter organiserte under BYE. Samarbeidet mellom skulen og teknisk drift blir regulert gjennom SLA (Service Level Agreement)

## 2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg og anleggsteknikk	84	66		150
Elektro og datateknologi	75	66	34	175
FBIE (Frisør- blomster)	32	26	8	66
HDP (Håndverk- design)	18	16		34
Helse og oppvekstfag	158	125	30	313
Restaurant og matfag	46	29		75
Teknologi og industrifag	75	91		166
Påbygg (både VG3 og VG4)			57	57

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	47
---	----

### Elevtal

Dette er talet på elevar på slutten av skuleåret. Dei første vekene er det bevegelse i elevtalet. Ikkje alle møter til skulestart, eller sluttar relativt raskt. Då får elevar som står på



venteliste tilbud, noko som igjen fører til at det vert ledig plass på det utdanningsprogrammet eller skulen dei starta ved.

## Elevplassar på ATO og YO

Alle elevar skal søke eit utdanningsprogram. Dei to tilboda ATO (Alternativ tilrettelagt opplæring) og YO (Yrkesopplæring) er ikkje utdanningsprogram, og heller ikkje søkbare. Elevane som ynskjer dette tilbudet må søkast inn på eit vanleg utdanningsprogram ved skulen. I dialog med elev og føresette lagar skulen eit tilbud ved ein av desse basane som passar eleven sitt behov. Dette er grunnen til at det til dømes står 91 elevar på IBA, medan der eigentleg berre er plass til 60 elevar på utdanningsprogrammet på VG1.

## Klassestørrelse

I ei klasse på yrkesfag er det vanlegvis 15 elevplassar. Då skulen vart bygd vart nokre få klasserom/ verkstadar redusert i størrelse, då ein meinte at det ikkje var behov for så mange lærlingar innan programområdet. På VG3 er det i utgangspunktet berre 12 elevplassar, då ein sjeldan får med seg alle elevane frå VG2.

## 2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1


### 2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2022-23	2023-24	Fylket 2023-24
0 eller ingen	5,4%	10,6%	6,3%
0 - 25	2,3%	1,7 %	2,8%
25 - 30	9,1%	13,4%	5,9%
30 - 35	21,0%	23,4%	11,7%
35 - 40	20,1%	23,4%	17,4%
40 - 45	27,5%	17,0%	21,4%
45 - 50	10,5%	7,5%	19,4%
Over 50	4,0%	3,1%	15,1%

Tabell: 2.3.1

### 2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Borgund vidaregåande skole	36,1	38,2	37,7	37,8	36,4
Fylket	41,1	42,3	42,2	42,5	41,4



Tabell: 2.3.2

### 2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karaktersnittet er stigande over tid men med en liten nedgang siste året. Det er det også i fylket, og truleg eit uttrykk for at alle elevane som går ut av grunnskulen får litt høgare poengsum enn tidlegare.

Ser ein på tabellen i 2.3.1 og den grafiske framstillinga under, så er det tydeleg at Borgund vgs rekrutterer langt fleire elevar med lave karakterpoeng enn snittet i fylket. Til dømes kom 25,7 % av elevane på Borgund frå ungdomsskulen med mindre enn 30 poeng, medan snittet for fylket er 15% i denne kategorien.

Lav karakterpoengsum frå grunnskulen treng ikkje bety noko for kor god fagarbeidar ein vert til slutt! Vi opplever at mange elevar blomstrar når dei får eit skrujarn, ei rettetang, ei sag eller ein slikkepott i handa. Også fellesfag kan gi meinig når dei i noko grad vert vinkla inn mot den utdanninga elevane er i ferd med å ta.

Ein del av elevane har svært dårleg norskkunnskapar. Dette kan vere krevjande, særleg når ein skal få på plass eit «fagspråk» eller snakke med kundar/ brukarar.

Så handsamar skulen kvart år nærmast 370 søknadar på A-skjema, B-skjema eller skjema for minoritetsspråklege elevar. Dette er eit stort arbeid, både å avklare kva rettar elevane har, kva slags opplæringstilbod dei treng, og samordning av alle som treng informasjon eller å samarbeide rundt eleven. Skuleåret 23-24 hadde skulen 119 elevar på A-skjema. (elevar som har enkeltvedtak om rett til spesialundervisning og søkte om fortrinn ved inntak.)

## 3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

### 3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

#### Endring i visning

Tidlegare hadde ein kunne bruke resultatata frå Elevundersøkinga ganske målretta. Mykje av denne informasjonen er no skjult under grunngjeving av GDPR, og ein fekk ikkje vite resultat på klassenivå. Dette gav ei oppleving av at informasjonen var mindre nyttig.

#### Læringsmiljø

Generelt så er elevane på Borgund vgs. fornøgde med læringsmiljøet på skolen. Dei svarar omtrent som før, kanskje med ein liten nedgang på enkelte felt. Likevel ligg ein i

«lysegrøn sone» på berre 3 av 11 indikatorar på vg1 og 4 av 11 på vg2 medan heile 8 av 11 er grøne på vg3. Dei 8 siste er gule på vg1.

På «felles reglar» gjekk vi frå mørkegrøn til lysegrøn sone. Vi har fått på plass ein miljøveileder rett før jul, og ser at det har stor effekt om ikkje det i seg sjølv er tilstrekkeleg aleine.

## Høge mobbetal

Etter å ha jobba med tematikken i fleire år var vi optimistiske sidan prosentandelen av elevar som sa dei hadde blitt mobba i elevundersøkinga tidlegare år hadde gått rimeleg mykje ned. Dessverre viste det seg at hausten 23 var det heile 11,% av elevane på vg1 som meldte frå om dette.

## Årsaker

Det er klart at ungdomskull varierer, og enkelte fekk kanskje mindre sosial trening og vart meir sårbare etter år med sosial isolasjon på ungdomsskulen? Det er også ein nasjonal trend at mobbetala er aukande, og elevar på yrkesfag svarar at dei vert meir utsett for mobbing enn det elevar på studieførebuande seier.

Likevel må vi som skule ta inn over oss at vi ikkje lukkast i å skape eit godt og trygt læringsmiljø for alle elevane.

## Tiltak

Skulen har innført i sin handlingsplan og arbeid i avdelingane med verktøyet «livet og sånt» samt å ta fortsette med bruken av VIP makker på avdelingane. Det vart jobba aktivt for å få auka fokus og kompetanse hos personalet. Ein brukte samarbeidstid på erfaringsdeling. SIM-gruppa har vorte utvida slik at avdelingsleiarane også skulle få kompetanseheving.

## 3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	5
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

### Mobbing blir stoppa

Dei gongane skulen fekk melding om elevar som opplevde mobbing vart dette teke på alvor, og ein har ein klar prosedyre for korleis ein då skal gå fram. Det betyr ikkje at det er enkelt. Nokre konflikhtar vart løyste relativt raskt, men i 5 saker vart det laga Aktivitetsplan i samsvar med §9-4.

### Handlingsplanen

Vi hadde fleire tiltak i Handlingsplanen for å få til eit endå betre læringsmiljø:

- Kontaktlærarane får hjelp i arbeidet med å skape gode klassemiljø.
- «VIP-makker» blir brukt i alle klasser.
- Elevane vert møtt med respekt og omtanke.
- Dei tilsette helsar på kvarande og på elevane.
- Det vert gjennomført ulike trivselstiltak på tvers av avdelingane.
- Borgund Pride vert gjennomført i juni.
- Det vert lagt opp til formell avslutning for avgangselevane.

## VIP-makker

Elevane har behov for informasjon om psykisk helse og kva som kan vere med på å skape eit godt og trygt læringsmiljø. I samarbeid med helsesjukepleiarane vart vi einige om å bytte til «Livet & Sånn». Dette er eit gratis opplæringsmateriale for folkehelse og livsmeistring, utarbeidd av Ålesund kommune. Vi har fleire avdelingar som no nyttar dette men ser at det ikkje er slett å enkelt å nytte i alle profesjonskulturar. Livet og sånt ligg no inne i skulen sin Handlingsplan at alle klassene skal nytte dette materiellet.

### 3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	6
Møter i skolemiljøutval	6
Møter i skoleutval	4

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Nei

#### Elevrådet

Elevrådet har hatt 6 møter og handsama rundt 20 saker.

Som tidlegare år er det krevjande på ein rein yrkesfagleg skule å få til godt elevrådsarbeid nettopp fordi elevar står i arbeid eller undervisning som det er vanskeleg å forlate, eller fordi dei har undervisning eller på arbeidspraksis andre stadar.

Med tillitsvalte frå 62 klasser er det krevjande å få til kontinuitet i elevrådsarbeidet.

Ein har difor ny organisering, med avdelingsvise elevråd og skulemiljøutval. Det vart prøvd ut på våren, og tilbakemeldingane var så gode at denne modellen vart lagt til grunn for vidareføring og organisering av elevrådet for skoleåret 23-24.

Rektor har hatt ansvaret for elevrådet, delegert til ass. rektor og det har slik vore tett kontakt mellom skuleleiing og elevråd når ulike aktivitetar i regi av elevrådet har blitt gjennomført. Leiing og elevrådsstyret har nytta eit eige teams for alle elevane for informasjonsflyt og kommunikasjon.

Elevrådet har vore med på evaluering av sist Handlingsplan og spurt om råd i høve ny, før denne vart utarbeidd.

## **Russ**

Det har ikkje vore mange elevar på Borgund vgs som vel å vere russ. Dei som går eit vanleg to-årig løp er årskullet under dei som er russ på studieførebuande, andre har fokus på å få seg lærekontrakt. Det var om lag 40 elevar som registrerte seg som russ,. Ass. rektor hadde samarbeid med russepresident og visepresident, og deltok på nokre av samlingane for russestyra som Ålesund kommune tok initiativ til.

## **Skuleutvalet**

Skuleutvalet og Skulemiljøutvalet har frå dette året vorte to ulike organ på Borgund vgs. I samband med endringa til avdelingsvise elevråd og skulemiljøutval er det intensjonen at dette skal verte nærare elevane og tettare og kortare saksgang for å løyse ulike utfordringar som oppstår.

Leiar eller nestleiar i elevrådet har møtt fast i Skuleutvalet og oppdatert dei andre om kva elevrådet er opptekne av. Skuleutvalet har vore urolege for dei stramme økonomiske rammene til skolen. Dei har også diskutert mobbetal, dysleksivennleg skole, internasjonalisering og endå tettare samarbeid skule og bedrifter, næringsliv allereie på vgl .



Den «raude tråden» i skuleutvalet går frå årsmelding frå sist skuleår – Ny Handlingsplan – resultat frå elevundersøking og årsrekneskap – til å drøfte ulike tiltak før ein igjen evaluerer og kjem med innspel til ny Handlingsplan.

## 4. Skoleårsresultat

### 4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

#### 4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2023-24, prosent	<b>80,6 %</b>
--	---------------

#### 4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent


Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
BA	87,5	86,4		86,9
DT (HDP)	86,7	60		73,3
EL	95,9	95,5	87,9	94,2
FD (FBIE)	72,4	80,8	87,5	77,8
HS	62,7	73,2	76,7	68,9
PB			82,5	82,5
RM	61,1	76,9		67,7
TP	79,7	79,5		79,6
Total	78,6	81,9	82,8	80,6

Tabell: 4.1.2

#### 4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Borgund vidaregåande skole	85,3	84,5	84,4	82,3	80,6
Fylket	91,2%	91,4%	89,6%	89,6%	87,5%

Tabell 4.1.3



Tabell 4.1.3.1

## 4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

<b>Utdanningsprogram:</b>	<b>2019-20</b>	<b>2020-21</b>	<b>2021-22</b>	<b>2022-23</b>	<b>2023-24</b>
Bygg og anleggsteknikk	84,30 %	80,20 %	84,00 %	78,70 %	86,90 %
Elektro og datateknologi	96,90 %	95,70 %	96,10 %	92,00 %	94,20 %
FBIE (frisør- blomster)		67,90 %	78,40 %	90,50 %	77,80 %
HDP (håndverk- design)		66,70 %	52,20 %	91,70 %	73,30 %
Helse og oppvekstfag	83,60 %	85,50 %	83,90 %	70,10 %	68,90 %
Restaurant og matfag	69,20 %	60,90 %	59,70 %	70,60 %	67,70 %
Teknologi og industrifag	83,60 %	85,20 %	86,30 %	75,10 %	79,60 %
PB	94,30 %	94,40 %	87,00 %	90,40 %	80,60 %
<b>Totalt</b>					

Tabell 4.1.4

Sett i eit har skulen ein større tilbakegang i høve «fullført og bestått», men det er ulikt på dei ulike programområda. Det er gledeleg at BA har ei vesentleg auke. Særleg er det utdanningsprogramma HO og RM som opplever at det er fleire som ikkje klarer å fullføre med «bestått» i alle fag. Det er eit faktum at økonomien i skule gir direkte utslag på moglegheita til å kunne følge tilstrekkeleg tett på for å lukkast med gjennomføringa og fullført og bestått.

Forsking viser at elevar med lav inntakspoengsum frå ungdomsskulen har mindre utsikter til å fullføre vidaregåande skule. Tabell under 2.3.2 illustrerer tydeleg at hovuddelen av elevane ved Borgund vgs har lågare inntakspoeng enn snittet i fylket. Dette forklarar likevel ikkje kvifor vi fekk har ein slik nedgang.

## 4.2 Karaktersnitt

### 4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Bygg og anleggsteknikk	4,20
Elektro og datateknologi	4,44
FBIE (frisør – blomster)	4,19
HDP (handverk – design)	4,26
Helse og oppvekstfag	3,64
Restaurant og matfag	4,07
Teknologi og industrifag	3,63

### 4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Borgund vidaregåande skole	3,96	4,00	3,96	4,02	4,01
Fylket	4,22	4,26	4,24	4,21	4,20

### 4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karaktersnittet dei siste fem åra er rimeleg jamn, og sjølv om det ligg noko lågare enn fylkes snittet er det ikkje dei store svingingane jamfør fylkessnittet. Kommentar om inntakspoeng er omtalt før, og er sjølv sagt ein faktor.

Det er framleis Elektro og datateknologi som har høgast karaktersnitt; der var det også høgast snitt for å kome inn. På Helse og oppvekstfag er karaktersnittet fallande, men aukande t.d. på BA, men her vil det vere til dels store årlege variasjonar innan dei programområda som har få elevar.

## 4.3 Fråvær

### 4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	9,8	20,6	7,5
Vg1	11,1	24,7	8,5
Vg2	9,3	18,6	6,9
Vg3	7,7	15,1	6,3
Vg4			

### 4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Borgund vidaregåande skole	3,3	2,5	2,9	6,9	7,5
Fylket	3,5%	2,5%	2,7%	6,5%	7,0%

### 4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har ein høgare fråværsprosent enn snittet i fylket. Dei to siste åra har dette auka. Fråværet er no oppe på 7,5%. Det er vesentleg høgare enn det var i åra før pandemien, men det seg også ut til å vere ein trend i fylket og landet elles. For oss som er ein yrkesfagleg skule er det ei stor utfordring med høgt fråvær. Elevane treng å vere i klasserom, på verkstadar, storkjøkken, byggeplassar og salongar for å trene seg på utstyr dei ikkje har heime. Det treng å arbeide i lag med andre elevar og få rettleiing frå lærarar undervegs.

Ein del elevar har utfordringar med å møte på skule, og det er også enkelte som slit med å «halde ut» heile undervisningsøkter. Dei meiner dei treng pausar, at det er for krevjande å vere konsentrert eller arbeide over tid. Elevane vert «trena» på å stå lengre i øktene gjennom å verte utplassert i bedrift allereie på vg1 der dette er mogleg for næringane.

## 4.4 Elevar som har slutta

### 4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2023-24

Prosent	Tal
7,1	59

### 4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Borgund vgs	6,0	4,5	5,4	6,7	7,1
Fylket	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%

### 4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Talet på elevar som har slutta er sterkt aukande siste 3 åra. 9 av dei som slutta gjorde dette før 01. november, slik at dei ikkje «brukte av retten sin». Så hadde nye 32 elevar slutta innan utgangen av mars.

Vi har ein stor del elevar med lave inntakspoeng som ikkje kom inn på primærønsket. Då kan det vere krevjande å fullføre. «Stort fråvær» eller «feilval» er oppgitt som sluttårsak i meir enn halvparten av sakene.

Det er ein trend å sjå at talet på elevar som sluttar er høgare innan yrkesfaga enn det vil vere på studieførebuande. At ein må starte frå «scratch» igjen i vertfall på programfaga gjer at ein ikkje «held ut» når ein ser at valet ein har gjort er ikkje det ein håpte på.

## 4.5 Overgangar

Som åra før vart det arrangert både hospitering og karrieredagar, og i januar hadde vi «open skole» for elevar og føresette på kveldstid.

For å sikre gode overgangar for sårbare elevar frå ungdomsskolen til vidaregåande skole, gjer avdelingsleiarane ein formidabel innsats med systematisk gjennomgang av A-, B- og R-skjema for å finne ut korleis skolen skal møte den enkelte elev på best muleg måte. I samråd mellom avdelingsleiar, rådgivar og PPT, blir ungdomsskolane kontakta ved behov. Gjennomgangen av skjema blir sett opp mot inntakspoeng ev. tidlegare spesialundervisning og/eller tilrettelegging.

Avdelingsleiarane samarbeider også på tvers i skolen for å sikre at kvar enkelt elev får det best muleg tilpassa tilbodet ut frå det dei er tatt inn på. Informasjonen blir så formidla til lærarane i planleggingsveka før skolestart. PPT er med for å gå gjennom sakkunnige vurderingar. Same framgangsmåte vert nytta for overgangar i vidaregåande opplæring.

Elevtenesta med rådgivar, helsesjukepleiar, NAV og PPT arbeider systematisk saman med avdelingsleiar på den enkelte avdeling for å sikre særleg dei sårbare elevane ein god overgang til neste skoleår eller arbeid i bedrift, enten det er i form av opplæringskontrakt, lærekontrakt eller utprøving i arbeid.

Stadig fleire elevar får prøve seg i arbeidspraksis ute i bedrift i YFF-faget på VG1. Dette er ein god og nyttig læringsarena, og på sikt håper vi at dette også kan bidra til at fleire kjem seg ut i lære.

I skolen sin Handlingsplan står det at avdelingane skal bruke «Formidlingsrekneskap». Dette er eit nyttig verktøy både for å halde oversikt over status i formidlinga, lærebedrifter og samanhangen mellom utplassering og lærekontrakt.



# 5. Leiing og profesjonsutvikling

## **Felles møtetid**

Det var ei målsetjing i Handlingsplanen å hente inn fleire eksterne bidrag for å sikre kompetanseheving i møtetida. Mykje vart gjort avdelingsvis i gjennom Dekom midlar, men for heile personalet hadde vi mellom anna arbeidd i profesjonsfellesskapet kring deling, både rundt formidling overgangar til næringslivet, utplassering, dysleksi og vurdering. Dette er også noko vi skal arbeide vidare med og har stort potensiale med mange dyktige pedagogar.

Vi arbeider med kompetanseheving i høve mobbing, å gjøre ungdommen robust og «meistre liva sine». Meir kunnskap om emnet, vurdering har og vore tydelige for tema i forhold til arbeidet med HiVolda, for å sikre at alle reflekterer over egen tilnærming til vurdering, korleis skjer det i eige klasserom. Kva vil vi oppleve når vi observerer deg i klasserommet. Dette for å diskutere caser og dele erfaringar. Vi nytta ofte grupper på tvers av avdelingane, noko mange opplever lærerikt og givande.

Vi er i oppstarten med dialog og plan i vårt fire årige løp med samarbeid med Høgskulen i Volda i høve vurdering, undervisvurdering som skaper lærelyst.

## **Desentralisert ordning for kompetanseutvikling**

I ordninga kan målgruppa søke om midlar til kompetanseheving, slik som samlingar, kurs, hospitering og samarbeid om YFF-faget. Ordninga er spreidd over dei fleste avdelingar ut i frå størrelsen på avdelingen.

## **Yrkesfaglærer 2 –ordninga**

Yrkesfaglærer 2 går ut på at fagpersonar frå arbeidslivet blir direkte involvert i opplæringa på yrkesfag. Ordninga skal bidra til å forsterke samarbeidet mellom skole og arbeidsliv, og auke elevane sitt læringsutbytte og motivasjon for faga. Ordninga skal også bidra til å hevelærarane sin kompetanse. Midlane denne gongen vart fordelt jf. Størrelsen på avdelinga og tal klasser på programområdet.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)